



# OSTERØY IDROTTSKLAG

SKIPA 1918

## ARSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA OSTERØY I.L 1988

Styret har vore:

Leiar: Kristin Thue Øvsthus  
Nestleiar: Lisbeth Neu  
Skrivar: Monica Eikeland  
Kasserar: Kjersti Andersen  
Oppmann 4 div: Monica Eikeland  
Styremedlem Gro Kaniseth  
Styremedlem Ragnhild Tufta  
Oppmann 5 div Ragnhild Tufta

Medlemstalet : sesongen 88/89 36 medlemar

Styrking av økonomien har vore jobba ein del med. Har delteke i landslotteriet i volleyball. Ein har også planar om kakelotteri.

Sesongen 87/88:

3. divisjonslaget rykka ned i 4 divisjon etter sesongslutt. Her var det mange spelarar som gav seg. 4 divisjonslaget i år består av mange nye spelarar, men laget klarar seg veldig bra. Laget ligg på 4. plass på tabellen, men satsar på å nå endå høgare.

Det eine 5 divisjonslaget skulle starta i 6 divisjon denne sesongen, men grunna mangel på spelarar måtte ein trekkja laget. Det andre 5. divisjonslaget som havna midt på treet forrige sesong, har til no tapt alle kampene sine. Laget vonar på betre samspel og betre resultat. Dei trenar i år saman med 4 divisjonslaget. Trenar er Kristin Thue Øvsthus. Laget har berre ein treningsdag denne sesongen, og det er tysdag. Frammøte på treningane har vore bra.

Kristin Thue Øvsthus  
- leiar -

*Kristin Thue Øvsthus*